

Til:
Sjøfartsdirektoratet
Postpoks 2222
5509 Haugesund

Runde 06.06.2024

Forslag til høyringsinnspel om ny forskrift om handtering av begroing på skrog

Generelle kommentarar

Runde Miljøsenter støttar forslaget om å innføre forskrifa, da framande artar er eit aukande problem langs norskekysten. Øya Runde, som ligg i eit økologisk særeige område ved innseglingsleia Breisundet til Ålesund og verdsarvfjorden, er godt egna for kontroll av ankomne skip.

Kontroll av skrog krev god kunnskap om marinbiologi. Sjølv om KI og kamerateknologi kan bidra i framtida, er det fortsatt behov for verifisering frå kompetent personale. Runde Miljøsenter kan fungere som en ressurs i denne kontrollen, ref § 8, og bistå med opplæring av skipsmannskap.

Vi ser tekniske utfordringar med å ivareta både kontrollfunksjon og vasking av skrog, og erfaringar frå New Zealand og Australia kan være nyttige. Runde Miljøsenter kan tilby å hjelpe Sjøfartsdirektoratet med å innhente og oppsummere slike erfaringar.

For mindre fartøy bør det etablerast oppsamling av avspylt materiale. 'Miljødokken' er eit eksempel som kan ivareta dette. Den maritime industrien på Sunnmøre har brei kompetanse på skrogmaling, noko som reduserar risikoen for at framande artar festar seg.

Spesifikke kommentarer

§ 2 Virkeområde 'Utenlandske skip' bør også omfatte utenlandske fiskefartøy.

§ 3 Definisjonar Risikoparameter for begroing' bør omformulerast eller forklarast bedre for praktisk anvendelse.

§ 5 Plan for handtering av begroing Detaljar om anbefalte driftsforhold for anti-begroingssystem bør presiserast som sjøtemperatur, salinitet og skipets fart.

§ 8 12 månadar som tidsramme for siste inspeksjon kan være lenge. Dokumentasjonen for denne perioden bør distribuerast til fagmiljø for kommentar. Inspeksjonsrapporter må inkludere omtale av både framande artar og skadelige framande artar.

§ 9 Krav ved vasking av skrog i norske farvatn Klare retningslinjer for når vasking skal iverksettast bør spesifiserast. Dersom inspeksjonsrapporten dokumenterer skadelege framande artar, bør vasking skje umiddelbart. Krav om vasking ved rapport om generell begroing bør også vurderast.

Vi håper dette kan være nyttig og bistår gjerne med utfyllende informasjon.

Med helsing

Ottar Håkonsholm
Dagleg leiar
Runde Miljøsenter